



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet tysdag 16. oktober kl 19.00 - 20.30

Tilstades: Jon Ove Lomheim (politisk vald), Jan ØInes (FAU), Trym Sollid (elevrådsrepr.), Solveig Bang (lærartilsett), Elisabeth H. Fimreite (lærartilsett), Anita Sjøtun (andre tilsette) og Hilde Holte Selland (rektor).

Ikkje tilstades: Tomas Kjølraug (FAU), Torbjørn Espeland (FAU) og Markus Nes (elevrådsrepr.)

### Sak 1 - 2018/19: Velkommen som SU/SMU-medlem

-Presentasjon av medlemma i SU. Vara for politisk valt er Karita Nes.

### Sak 2 - 2018/19: Konstituering

-Leiar: Jon Ove Lomheim

-Nestleiar: Jan ØInes

-Sekretær: Hilde Holte Selland

### Sak 3 – 2018/19: Møteplan

- 16. okt. 2018, 8. januar 2019(SMU), 21. mai 2019
- Godkjent! Ved behov vert det kalla inn til ekstra møte.

### Sak 4 – 2018/19: Tilsynsrapporten frå Fylkesmannen

- Rektor delte ut informasjonsskriv frå Fylkesmannen om tilsynsrapporten og gjekk gjennom det. SU tek rapporten til etterretning. Rektor presenterte tiltak skulen har sett i verk for å rette brota på regelverket. Det kom òg innspel i møtet som rektor tek med vidare i personalet og det vert lagt til nokre pkt. i handlingsplanen og i årshjulet.

### Sak 5 - 2018/19: Skuleåret 2018/19

- Skulen sin utviklingsplan og tilstandsrapport: Skuleåret 2018/19 er det 222 elevar på skulen, 140 på b-steget og 82 på u-steget. På Sfo er det 35 ungar. Det er 56 som har eit tilsetjingsforhold ved HBUS dette året. Me er øvingsskule for HVL og skal ha 4 praksisgrupper med studentar på 1GLU. I tillegg har me ulike fagpraksisar. 10. klasse har hatt ein flott tur til Polen og Tyskland. Fantastisk gjeng å reise på tur med. 8. og 9. klasse er ferdige med nasjonale prøver, og 5. klasse har sine gjennomføringsveker 42 – 44. På ungdomsskulen har me dette skuleåret 5 ulike valfag: trafikk, fysisk aktivitet/helse, programmering, design/redesign og produksjon av varer og tenester. Når det gjeld fordjupningsfag er det i år tysk og arbeidslivsfag. Mellomtrinnet har aldersblending kvar tysdag der dei er delt inn i 4 grupper på tvers av 3 klassar. Aktivitetane er: friluftsliv, data, naturfag/mix og å glede andre.
- Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø: gjekk gjennom planen og la til 2 punkt i årshjulet, konstituering av SU/SMU i okt. og foreldreundersøkelsen i nov. Planen er satt i verk dette skuleåret. Den ligg på heimesida til skulen.
- Godkjenning av ordensreglementet. Nest siste kulepunkt har fått eit tillegg: Ved krenking eller mistanke om krenking, føl ein instruksar som er nedfelt i vår handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø. Reglementet er vedtatt!
- Godkjenning av mobilreglementet. Elevrådsrepresentanten ynskjer å utvide med fleire mobilfrie veker. FAU støttar elevrådsrepresentanten. FAU orienterte òg om at ein kan søkje om økonomisk støtte hjå Lions til ulike trivselstiltak ved skulen. Elevrådet tek med seg vidare.



SU foreslår at elevrådet på u-steget tek opp det som eige sak i elevrådet og oppmodar klasseråda til å ha ein debatt rundt fleire mobilfrie veker og ha ei skriftleg avstemming om ein skal utvide antall mobilfrie veker. Reglementet er førebels vedtatt og vert teke opp på ny viss elevrådet fremmar endring.

- Status rekneskap/økonomi, T2- rapportering: Rektor informerte om kommunen sine prosessar når det gjeld økonomiske rammer, rekneskap og budsjett. Skulen meldte inn til økonomiavdelinga i sept. og til oppvekstleiar no i okt. Kommunen har kjøpt inn eit program som heiter Framsikt og der vert dei økonomiske rammene for 3 år framover lagt inn. Budsjett 2019 vil i næraste framtid vere klar og då kan eininga starte med detaljbudsjettet. Når det gjeld fakturabehandling og rekneskap så er det framleis Visma ein skal bruke. Når det gjeld investering- og vedlikehaldstiltak er det eit program som heiter Famacweb einingsleiarane skal leggje inn event. tiltak. Opplæring av dei nye programma skal skje i næraste framtid.
- Årshjul for møtefora elevråd, FAU, SU/SMU: skulen har laga eit utkast og deler det med råda når den er komplett.
- Statusrapport frå elevråd og FAU:  
Elevrådet: er konstituert. Leiar: Trym Sollid, nestleiar: Markus Nes. Har hatt 2 møter.  
FAU: er konstituert. Leiar: Jan Ølnes, nestleiar: Tomas Kjølraug, refrent: Eli Kjos Wenjum. Skal evaluere handboka, planleggje julefesten, førespurnad til vaktmeister/rektor om haustdugnad, Facebook grupper, søkje om trafikktryggingmidlar, skilting i gata, skilt med namn på skulen på skulebygget...

#### **Sak 6 - 2018/19: Ymse**

- Rektor minna FAU leiar om kunngjering av trafikktryggingmidlar

Hafslo, 24.10.18

Hilde Holte Selland  
-rektor-